



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Kommunane og dei interkommunale renovasjonsselskapa
i Møre og Romsdal

Dato: 30.04.2018

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Ulovlege søppelplassar i Møre og Romsdal – kva gjer vi ?

Det er eit fole fokus på forsøpling i tida. Mykje knytt til marin forsøpling og plast, men også knytt til kva som skjer på land og anna forsøpling enn plast. Dette med forsøpling av naturen skjer i mange former. Ein form er alle dei ulovlege søppelfyllingane rundt om oss. Innføring av tvungen renovasjon på 90-talet løste diverre ikkje all forureiningsproblema. Utfordringa med alle dei ulovlege søppelfyllingane er mykje godt den same no. Jfr forureiningslova er det kommunane som skal handtere dei ulovlege søppelplassane. Vår erfaring er diverre at dette handterer kommunane veldig dårleg både knytt til kartlegging og at kommunane viser liten framdrift/resultat på dei søppelplassane som vi eller einskilde personar melder inn. Vi tenkjer då sjangeren forsøpling langs veier og i utmark(/innmark), «Skrotnissar», bilvrak og jordbruks-og landbruksmaskiner. Samstundes ser vi at dei interkommunale renovasjonsselskapa i vårt fylke har eit anna fokus og i liten grad tek tak i denne utfordringa.

Dei grøne organisasjonane i fylket vårt har omsut for ein rein natur. Når ein veit kva konsekvensar forsøpling kan ha for å spreie miljø- og helseskadelege stoff er dette grunn nok til å handle. Ved sida av dette har vi det estetiske, kor dette ser ut og kva det gjer med oss menneska som må sjå på denne elendigheita. Og det er heller ikkje nokon turistmagnet å vise fram i natur- og fjordfylket vårt desse søppelplassane der ein god del av dei ligg midt i åsynet på alle.

Vi har difor orientert oss om eit søppelprosjekt som er gjort i 8 kommunar rundt Bergen i regi av det interkommunale renovasjonsselskapet der (BIR). BIR kan vise til gode resultat ved at dei går systematisk til verks knytt til kartfesting av søppelplassane (ved flyfoto og tips) og køyrer ein ryddig prosess i sin kontakt med grunneigarane og ved den konkrete handteringa av avfallet. Tal vi har fått frå BIR viser at dei i perioda 2015-2017 har kartlagt 333 ulovlege søppelplassar der 221 er avslutta. Vi har fått opplyst frå BIR at

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Telefon: 46431427 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

dette er ei suksesshistorie for miljøet og at dei vil fortsette med prosjektet i åra framover.

Vi veit at BIR presenterte sitt prosjekt her i fylket på Geirangerkonferansen 09.11.2016 (sjå <http://docplayer.me/50740466-Erfaringer-fra-bir-sitt-proveprosjekt-tilsyn-med-ulovlig-avfallshandtering-geiranger.html>) der sikkert mange av kommunane og dei interkommunale renovasjonsselskapa i fylket var. Vi har no også fått tilsendt dokumentasjon frå BIR og denne legg vi ved til dykkar orientering.

Konklusjon

FNF Møre og Romsdal ber kommunane og dei interkommunale renovasjonsselskapa i fylket vurdere å bruke metoden som BIR no praktiserer i 8 kommunar rundt Bergen. Uansett metode ber vi kommunane om å gjere eit systematisk arbeide for å gjere noko med all søpla rundt om i fylket. FNF Møre og Romsdal med sine organisasjonar vil bidra med konkrete tips kor utfordringane med desse ulovlege søppelplassane er.

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vedlegg:
Avfallsprosjekt BIR – status arbeide pr 31 des. 2017
Retningslinjer for behandling av forurensnings- og forsøplingssaker i BIR AS av
24.11.2014
Prosjektrapport – interkommunalt arbeide om miljøoppgåve – Rapport KPMG – 11 april
2014